



Kontoret for voldsoffererstatning

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

TBS KB
05 2059-6
641.7

Vår dato

Deres dato

Vår referanse

Deres referanse

14 FEB 2006

200600433.2

HØYRING – FRAMLEGG TIL TILTAK MOT KØYRING UNDER PÅVERKNAD AV ANDRE STOFF ENN ALKOHOL

Syner til departementet sitt høyringsbrev 9. desember 2005.


På bakgrunn av dei erfaringar Kontoret for voldsoffererstatning har gjort på området har vi fylgjande merknader til høyringsutkastet.

Vår erfaring er at dei fleste skadetilfelle vert gjort under påverknad av alkohol eller andre rusande eller døyvande stoff. Tiltak som kan søke å avdekke og hindre bruk av illegale rusmiddel ser vi difor på som positivt. Førebygging er i dei aller fleste høve å føretrekke framfor reparaasjon og auka opplæring i konsekvensar av bruk av rusmiddel i samband med trafikkopplæring ser Kontoret på som serleg positivt. Ein slik opplæring vil òg kunne ha ringverknader i høve til andre område enn trafikktryggleiken.


Kontoret ser vidare positivt på eit mangfald i kva reaksjonar som kan idømmast. Dei som vert dømde for køyring i rusa tilstand er ei gruppe med atskillig variasjonsbreidde med tanke på bakgrunn og livssituasjon. Å gje domstolane høve til å skreddarsy ei reaksjonsform til den einskilde domfelt vil kunne gje dei beste føresetnader for ei vellukka rehabilitering samt gje gode empiriske data om kva reaksjonsform som fungerer i praksis. Ved å hindre tilbakefall vert det færre kriminalitetsoffer og sett i lys av dei kostnader –både menneskeleg og økonomisk- som brotsverk påfører samfunnet, må det vere kostnadssparande på sikt å satse på behandling ved gjennomføring av straffa.

Det er ei kjensgjerning at slike tiltak er enklare å starte opp i strøk av ein viss storleik der delar av det apparat som er naudsynt for å gjennomføre slike tiltak allereie er på plass. For at slike alternativ til fengselsstraff skal kunne gjennomførast uavhengig av geografi er det viktig at det fylgjer med ressursar til å kunne gjennomføre programma også i område med ein spreidd populasjon.

KONTORET FOR VOLDSOFFERERSTATNING



Remi Strand
direktør



Verner Bjerkvik
førstekonsulent